



Utval: Kommunestyret

Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Møtedato: 12.04.2018

Møtetid: 18:00 – 21:45

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Svein Forberg Liane	Medlem	V
Halfdan Haugan	Ordførar	AP
Trond Johnsen	Medlem	AP
Jon Svartdal	Varaordførar	H
Eivind Skogheim	Medlem	AP
Hallgeir Ofte	Medlem	AP
Mona Helen Haugan	Medlem	AP
Edvard Mæland	Medlem	H
Gunnar Eilefstjønn	Medlem	H
Pia Groven-Robertsen	Medlem	H
John Olav Haugetuft	Medlem	SP
Marianne Vadder	Medlem	SP
Henry Mæland	Medlem	SP
Beate Marie Dahl Eide	Medlem	SP
Lars Bjaadal	Medlem	SP
Liv Grethe Ekre	Medlem	SP
Peter Fjågesund	Medlem	MDG
Mogens Hougaard Iversen	Medlem	FRP

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Solveig Sundbø Abrahamsen	MEDL	H
Hanne Norgaard	MEDL	AP
Kristian Espeland	MEDL	KRF

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Sigbjørn Tvitekkja	Hanne Norgaard	AP
Roar Slinde	Solveig Sundbø Abrahamsen	H
Kjellaug Westbye Abrahamsen	Kristian Espeland	KRF

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Finn-Arild Bystrøm	Rådmann
Ronde Schade	Kommunalsjef
Frid Berge	Kommunalsjef
Kari Gro Espeland	Kommunalsjef
Ingeborg Nenseter Jensen	Organisasjons- og personalsjef

Protokollunderskrifter:

Halfdan Haugan

Henry Mæland

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 19/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
PS 20/18	Innføring av fem dagar skule for 1.-4.klasse 2018-19	
PS 21/18	Rapport om offentlege anskaffingar for Seljord kommune frå Telemark kommunerevisjon IKS	
PS 22/18	Høyringsvar frå Seljord kommune på ekspertutval som har vurdert nye oppgåver fra staten til fylkeskommunane	
PS 23/18	Samarbeidsavtale med Den økologiske hagen - økonomisk ramme for samarbeid med skulane og barnehagane	
PS 24/18	Selskapskontroll på brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark og forvaltingsrevisjon på sjølvkost på feietenester i Seljord kommune	
PS 25/18	Sak frå administrasjonsutval vedrørende ordføraren sine fullmakter til å forhandle tilsettingsvilkår med ny rådmann	

Saker til handsaming

PS 19/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Handsaming i Kommunestyret - 12.04.2018

Protokollen frå møtet 08.03.2018 vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Kommunestyret - 12.04.2018

Protokollen frå møtet 08.03.2018 er godkjent.

PS 20/18 Innføring av fem dagar skule for 1.-4.klasse 2018-19

Handsaming i Kommunestyret - 12.04.2018

Forslag fra AP,H - Trond Johnsen:

Seljord kommune innfører fem dagars skule for elevane frå hausten 2019. Kostnader til skyss for elevane med skyssrett blir innarbeidd i budsjett 2019 og i økonomiplanperioden.

Vedtak i Kommunestyret - 12.04.2018

Seljord kommune innfører fem dagers skule for elevane frå hausten 2019. Kostnader til skyss for elevane med skyssrett blir innarbeidd i budsjett 2019 og i økonomiplanperioden.

Samrøystes vedteke.

PS 21/18 Rapport om offentlege anskaffingar for Seljord kommune frå Telemark kommunerevisjon IKS

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek rapporten Offentlege anskaffingar til vitande og ber rådmannen følgje opp revisjonens anbefalingar om å:

- Sette i verk tiltak for å sikre at tilsette er kjende med og har tilgang på god og oppdatert informasjon om verktøy til hjelp i innkjøpsarbeidet.
- Sikre at det blir ført protokoll for alle anskaffingar med verdi på kr 1 100 000 og oppover.
- Vurdere å inngå rammeavtalar der kommunen gjer jamlege innkjøp av ein vare eller teneste som overstiger kr 100 000 i løpet av året.
- Sørge for at rammeavtaler som er eldre enn fire år blir fornya/konkurransesett i tråd med regelverket.

Rådmannen skal komme attende til kontrollutvalet med ei skriftleg attendemelding innan utgangen av oktober 2018 om korleis rapportens anbefalingar blir følgt opp.

Handsaming i Kommunestyret - 12.04.2018

Rådmannens tilråding:

Kommunestyret tek rapporten Offentlege anskaffingar til vitande og ber rådmannen følgje opp revisjonens anbefalingar om å:

- Sette i verk tiltak for å sikre at tilsette er kjende med og har tilgang på god og oppdatert informasjon om verktøy til hjelp i innkjøpsarbeidet.
- Sikre at det blir ført protokoll for alle anskaffingar med verdi på kr 1 100 000 og oppover.

- Vurdere å inngå rammeavtalar der kommunen gjer jamlege innkjøp av ein vare eller teneste som overstiger kr 100 000 i løpet av året.
- Sørgje for at rammeavtaler som er eldre enn fire år blir fornya/konkurransesett i tråd med regelverket.

Rådmannen skal komme attende til kontrollutvalet med ei skriftleg attendemelding innan utgangen av oktober 2018 om korleis rapportens anbefalingar blir følgt opp.

Tilleggsforslag frå Ap, H - Eivind Skogheim:

Tillegg til rådmannens tilråding:

- Kommunestyre ber rådmannen revidere innkjøpsregelverket til Seljord kommune og legge det fram til politisk handsaming der ein tilpasser at kommunens regelverk er i tråd med tersklane som er i lov om offentlige anskaffingar.
- Det må også vurderas om inngåtte rammeavtaler er formålstjenlige i forhold til effektiv og hensiktsmessig drift.
- Ved nye utlysninger bør ein legge til grunn, effektiv drift, økonomi, lokalt/regional næringsliv, innafor gjeldande regelverk om offentlige anskaffingar.

Vedtak i Kommunestyret - 12.04.2018

Rådmannens tilråding med tillegg:

Kommunestyret tek rapporten Offentlege anskaffingar til vitande og ber rådmannen følgje opp revisjonens anbefalingar om å:

- Sette i verk tiltak for å sikre at tilsette er kjende med og har tilgang på god og oppdatert informasjon om verktøy til hjelp i innkjøpsarbeidet.
- Sikre at det blir ført protokoll for alle anskaffingar med verdi på kr 1 100 000 og oppover.
- Vurdere å inngå rammeavtalar der kommunen gjer jamlege innkjøp av ein vare eller teneste som overstiger kr 100 000 i løpet av året.
- Sørgje for at rammeavtaler som er eldre enn fire år blir fornya/konkurransesett i tråd med regelverket.

Rådmannen skal komme attende til kontrollutvalet med ei skriftleg attendemelding innan utgangen av oktober 2018 om korleis rapportens anbefalingar blir følgt opp.

- Kommunestyre ber rådmannen revidere innkjøpsregelverket til Seljord kommune og legge det fram til politisk handsaming der ein tilpassar at kommunens regelverk er i tråd med tersklane som er i lov om offentlige anskaffingar.
- Det må også vurderas om inngåtte rammeavtaler er formålstjenlige i forhold til effektiv og hensiktsmessig drift.
- Ved nye utlysingar bør ein leggje til grunn, effektiv drift, økonomi, lokalt/regional næringsliv, innanfor gjeldande regelverk om offentlege anskaffingar

Samrøystes vedteke.

PS 22/18 Høyringsssvar frå Seljord kommune på ekspertutval som har vurdere nye oppgåver fra staten til fylkeskommunane

Rådmannen si tilråding:

Seljord kommune støttar vedtaket i BTV-fylkane frå 9.mars 2018, som uttale til høyringa for regionsrefoma. Oppgåver som overførast skal vera fullfinansiert.

Handsaming i Kommunestyret - 12.04.2018

Rådmannens tilråding:

Seljord kommune støttar vedtaket i BTV-fylka frå 9.mars 2018, som uttale til høyringa for regionsreforma. Oppgåver som overførast skal vera fullfinansiert.

Vedtak i Kommunestyret - 12.04.2018

Seljord kommune støttar vedtaket i BTV-fylka frå 9.mars 2018, som uttale til høyringa for regionsreforma. Oppgåver som overførast skal vera fullfinansiert.

Samrøystes vedteke.

PS 23/18 Samarbeidsavtale med Den økologiske hagen - økonomisk ramme for samarbeid med skulane og barnehagane

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret ber rådmannen inngå avtale om samarbeid med Den økologiske hagen, skulane og barnehagane. Den økonomiske ramma for samarbeidet er avgrensa til 50 000 kr.

Kostnaden ved avtalen blir dekt av løyving frå disposisjonsfondet i 2018. Tiltaket blir innarbeidd i budsjett 2019 og fører til at ramma for PO2 blir utvida med 50 000 kr i økonomiplanperioden.

Handsaming i Kommunestyret - 12.04.2018

Mona Helen Haugan (Ap) ber om å få si habilitet vurdere. Ho er i nær slekt med søker. Samrøystes inhabil. Ingen vara, 20 rep til handsaming.

Rådmannens tilråding:

Kommunestyret ber rådmannen inngå avtale om samarbeid med Den økologiske hagen, skulane og barnehagane. Den økonomiske ramma for samarbeidet er avgrensa til 50 000 kr. Kostnaden ved avtalen blir dekt av løyving frå disposisjonsfondet i 2018. Tiltaket blir innarbeidd i budsjett 2019 og fører til at ramma for PO2 blir utvida med 50 000 kr i økonomiplanperioden.

Vedtak i Kommunestyret - 12.04.2018

Kommunestyret ber rådmannen inngå avtale om samarbeid med Den økologiske hagen, skulane og barnehagane. Den økonomiske ramma for samarbeidet er avgrensa til 50 000 kr. Kostnaden ved avtalen blir dekt av løyving frå disposisjonsfondet i 2018. Tiltaket blir innarbeidd i budsjett 2019 og fører til at ramma for PO2 blir utvida med 50 000 kr i økonomiplanperioden.

Samrøystes vedteke.

PS 24/18 Selskapskontroll på brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark og forvaltningsrevisjon på sjølvkost på feietenester i Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyre tek Selskapskontrollrapporten «Brannvernssamarbeidet i Vest Telemark IKS – Seljord kommune» og forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkost på feietenester – Seljord kommune» til vitande.

Selskapet bør:

- Gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggjande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.
- I større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.
- Sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Kommunen:

- Det gjerast eksplisitte vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad som gjeld innanfor sjølvkostområdet.

Handsaming i Kommunestyret - 12.04.2018

Rådmannens tilråding:

Kommunestyre tek Selskapskontrollrapporten «Brannvernssamarbeidet i Vest Telemark IKS – Seljord kommune» og forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkost på feietenester – Seljord kommune» til vitande.

Selskapet bør:

- Gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggjande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.
- I større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.
- Sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Kommunen:

- Det gjerast eksplisitte vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad som gjeld innanfor sjølvkostområdet.

Vedtak i Kommunestyret - 12.04.2018

Kommunestyre tek Selskapskontrollrapporten «Brannvernssamarbeidet i Vest Telemark IKS – Seljord kommune» og forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkost på feietenester – Seljord kommune» til vitande.

Selskapet bør:

- Gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggjande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.
- I større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.
- Sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

Kommunen:

- Det gjerast eksplisitte vedtak i kommunestyret om kva dekningsgrad som gjeld innanfor sjølvkostområdet.

Samrøystes vedteke.

PS 25/18 Sak frå administrasjonsutval vedrørande ordføraren sine fullmakter til å forhandle tilsettingsvilkår med ny rådmann

Administrasjonsutvalet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Kommunestyret meiner det kan vere grunn til å tru at ordføraren har gått ut over sine fullmakter ved å førespegle ny rådmann fri bustad. Kontrollutvalet har handsama detaljane rundt tilsetjing og vedtatt å ikkje gå vidare med saka. Det bør løyvast midlar i storleik 84.000,- kr, slik at rådmanns husvære blir dekt av kommunen. Kommunestyret må ta stilling til kvar midlane skal bli tatt frå.

Handsaming i Kommunestyret - 12.04.2018

Ordførar Halfdan Haugan (Ap) og rådmann Finn-Arild Bystrøm er partar i saka og ber om at deira habilitet blir vurdert. Ingen vara for Halfdan Haugan (Ap). 20 stk til å handsame saka.

Varaordførar Jon Svartdal (H) blir ordførar
Kommunalsjef Frid Berge, blir rådmann

Framlegg frå Henry Mæland:

Kommunestyret meiner det kan vere grunn til å tru at ordføraren har gått ut over sine fullmakter ved å førespegle ny rådmann fri bustad. Kommunestyret ser dette som svært uheldig både med omsyn til involverte partar og økonomiske konsekvensar. Kontrollutvalet si handsaming av saka blir tatt til vitande. Det blir løyvd 84.000,- kr til å dekke rådmannens husvære. Desse midlane blir tatt frå disposisjonsfondet i 2018, og at ramma for PO1 vert utvida tilsvarande i samband med budsjett 2019 og vidare i økonomiplanperioden.

Vedtak i Kommunestyret - 12.04.2018

Kommunestyret meiner det kan vere grunn til å tru at ordføraren har gått ut over sine fullmakter ved å førespegle ny rådmann fri bustad. Kommunestyret ser dette som svært uheldig både med omsyn til involverte partar og økonomiske konsekvensar. Kontrollutvalet si handsaming av saka blir tatt til vitande. Det blir løyvd 84.000,- kr til å dekke rådmannens husvære. Desse midlane blir tatt frå disposisjonsfondet i 2018, og at ramma for PO1 vert utvida tilsvarande i samband med budsjett 2019 og vidare i økonomiplanperioden.

Samrøystes vedteke.